


Mineraler frå Vikafjellet

Av Helge Samuelsen



Fantomkvarts med bysolitt, Vikafjellet. Lengde 2 cm

Eg vil i denne artikkelen ta for meg mineraler og førekomster i eit område som er lite kjent blant samlarar i dette landet, Vikafjellet. Dette ligger i Sogn og Fjordane fylke, mellom Vik og Voss. Ein del av området høyrer til Hordaland fylke, men dei fleste av dei omtala førekomstane ligg på Sogne-sida.

Vikafjellet består for det meste av fyllitt og glimmerskifer, og enkelte soner med kvartsitt. Glimmerskiferen, og til dels kvartsitten, er mange stader gjennomsett av kløfter og sprekkar av alpin type. I desse har det krystallisert ulike mineral på veggane, for det meste kvarts, kloritt og feltspatar. Dei fleste sprekkene er små og avgrensa, kvartskrystallane er sjeldan større enn eit par cm. I sjeldne tilfelle kan større kløfter finnast.

Ei 40 cm brei kløft avdekka under vegarbeid sommaren 1991 gav store mengder fin røykkvarts, dei største opp til 14 cm lange, 4-6 cm tjukke. Dei flesye av krystallane låg lause i leirmasse, og kunne berre plukkast ut, stort sett uskada. Mange av dei var knekt av tidlegare, og hadde rekrystalliserte bruddflater i enden. Det var også mange dobbelterminerte krystallar, og eit raudleg belegg av hematitpulver på krystallflatene



Røykkvarts, Vikafjellet. Høgde 9 cm

var heller ikkje uvanleg. I mindre mengder var det adular til stades i kløfta.

I eit anna område lenger inne på fjellet er førekomstane av ein litt anna karakter. Her er det kvartsårer av ein meir hydrotermal type, stort sett massive, varierende i breidd på få cm opp til ein god meter. I druser i desse årene kan det finnast fine bergkrystallar, titanitt, adular, og eit par andre mineral. Det ser ut til at fjellet har sprukke opp på nytt etter at kvartsårene vart danna, slik at kvartsårene har løst frå sidebergarten. I desse sprekkene har det så vakse inn krystallar av røykkvarts. Sprekkeveggane er svært plane, og har sannsynlegvis fått eit tynt belegg av kalsitt før kvartskrystallane vaks ut. Sidan denne kalsitten no har løyst seg opp, er det mogleg å få ut heile krystallplater med kvarts, der undersida er så jamn at ein kunne tru dei var saga ut. Som ein følgje av denne oppsprekkinga er ofte bergkrystallane i kvartsdrusene sundsprengde, slik at ein kan finne splintrar som er rekrystalliserte. Desse kan ha merkverdige former. Det er heller ikkje uvanleg å finne krystallar som har delt seg i to og sidan vakse saman i vinkel. Bergarten i



Liten jettegryte, Vikafjellet. Ca 20 cm djup.

dette området ser ut til å vere ein horisont med glimmerskifer/gneis som ligg mellom lag med fyllitt.

I fyllitten er det vanleg med større og mindre kvartslinser. I desse kan ein finne magnesitt, kalsitt, albitt og kvarts i druser, og terningforma pyrittkrystallar. Rutil er heller ikkje uvanleg. Det er sjeldnare med gode funn i denne bergarten.

I utkanten av fyllittsona er det ein serpentinit. Denne står det skrive om i NAGS-Nytt nr. 2, '86. Det vart sett i gang gruve-drift på talk i dette området sommaren 1991, og herifrå har det kome mange fine mineral. Eg har blant anna funne perfekte, prismeforma, vassklare aragonitkrystallar på fleire cm, og fine magnesitkrystallar opptil 4 cm i talkårer. Sidan ein del av minerala frå denne gruva enno ikkje er identifiserte, vil eg ta for meg desse i ein seinare artikkel.

Her kjem ei liste med beskrivelse av dei minerala eg har funne ellers på Vikafjellet. Denne lista er nok ikkje komplett, fjellet er stort, og sjølv om eg har traska i området kvar sommar i meir enn 10 år, er det vanskeleg å få med seg alle førekomster. Des-

som nokon har funne andre mineral i området, kunne det ha ha vore artig å høyre om det. Minerala er ordna systematisk.

Chalkositt

Førekjem som blå, metalliske massar og impregnasjonar i kvartsårer. Storleik opp til eit par cm. Ein frittstående forvitra klump saman med kvartskrystallar i ei sprekk har kanskje vore ein krystall? Dette mineralet er berre funne i eit par årer, i små mengder.

Pyritt

Kan finnast som små, rusta kuber på kvartskrystallar, eller fine cm store terningar i magnesitt/kalsitt i kvartslinser i fyllitt. Små mengder.

Kvarts

Dette er det mest vanlege mineralet i området. Krystallane er helst små, men i ei 1,5 m djup druse i ei kvartsåre har eg funne ein bergkrystall på 15x8 cm og ei vekt på 1,2 kg. Røykkvarts er mindre vanleg, og er helst lyst farga. I ei sprekk har eg funne ein ametyst (4 mm) samman med røykkvarts. Dobbeltterminerte krystallar er ikkje uvanleg. Ein septerkvarts (2,5 cm) er også funne.

Rutil

Fins som små nåler i røykkvarts i ei lista sprekk. Ellers som nåler i albitt eller frittstående (mm store) i druser i fyllitt. Også var. sagenitt. Små mengder.

Anatas

Fins i ei sprekk som er danna mellom kvartsåra og sidebergart. Krystallane er gulbrune bipyramider med flat topp, og svært små. Den største er ca 1 mm. Kun 2 stoffar. Så vidt eg veit er dette første funn av anatas i Sogn og Fjordane.

Hematitt

Små blad og plater på og inne i kvartskrystallar og adular. Også plater opp til 1 cm. Små mengder. Også som raudt pulver på kvartskrystallar.

Goethitt

Små, svarte kuler på adular, albitt og kvarts i eit par sprekkar. Små mengder.

Malakitt

Tynne belegg på chalkositt. Svært små mengder.

Magnesitt

Massivt i kvartslinser i fyllitt, også mm store krystallar i druser. Relativt vanleg som massive kløyestykke av gråleg farge.

Kalsitt

Førekjem ofte som kvite, vassklare eller gule skalenoeder i kløfter saman med kvarts/albitt. Desse er vanlegvis svært forvitra og avrunda. Ofte kan ein sjå avtrykk etter små kalsitkrystallar på kvartskrystallar. I desse er det ofte bevart små, vassklare, kuleforma krystallar av kalsitt inni. Ellers er kalsitt i massiv form, som gulkvite kløyestykke relativt vanleg i kvartslinser i fyllitt.

Aktinolit

I ein horisont av talkskifer mellom fyllitt i nærleiken av serpentinitførekomsten fins ein del aktinolitkrystallar som slanke, grønne prismet, opp til 5-6 cm. Sidan desse krystallane stort sett følgjer lagdelinga i talkskiferen, kan ein få svært gode stoffar ved å kløyve bergarten på langs. I nærleiken er det eit par halvmetar tjukke årer av tette, mørkegrøne aktinolitaggregat. I enkelte kløfter i glimmerskiferområdet er det ikkje uvanleg å finne varianten byssolit som hårfine gråkvite nåler og fibrar i klare kvartskrystallar.

Tremolit

Fins som tette, grålege, fibrige massar (asbestaktig) i same talkskifer som nemnd ovanfor.

Kloritt (klinoklor)

relativt vanleg som grønt pulver på og inni kvartskrystallar. Er av og til med på å skape fantastisk fin fantomkvarts, opp til 7 cm. Desse er ofte bygd opp av mange generasjonar.

Albitt

I mange kløfter kan ein ofte finne albitt som fine, bladforma vassklare krystallar opptil 7-8 mm saman med kvarts og adular. I druser i fyllitt fins grovare, kvite krystallar opp til 2 cm, ofte saman med rutil. Relativt vanleg.



Aktinolit i talkskifer, Vikafjellet. Lengde på krystallen 4,8 cm

Adular

Førekjem helst i kløfter saman med albitt/kvarts, som nekforma krystallar opp til 6-7 mm. Desse er som oftast samankvaksne med albitt på ein spesiell måte. Fargen er oftast gulkvit eller grå, men kan også finnast som større guloransje krystallar på fleire cm innvaksne i massiv kvarts.

Titanitt

Kan finnast som små brune krystallar på og inni kvartskrystallar, eller direkte på sprekkveggen saman med adular. Dei blir sjeldan over eit par mm store, 4 mm er maksimum.

Monazitt

Dette mineralet har eg funne i kun ei sprekk. Det er raudoransje, tavleforma enkeltkrystallar og tvillingar på 2-3 mm som veks på kvartskrystallar. Mineralet kan likne mykje på titanitt, har bl.a. same V-forma tvillingar, men termineringa er annleis. Titanitt endar i skarpe kiler, desse har ei lita plan tavle på toppen. Kun 1 stoff, den er til gjengjeld stor som ein god knyttneve og har mange krystallar (30-40 stk.), og perfekte kvartskrystallar opptil 5-6 cm.

I tillegg til desse kjem ei rekkje mineral på talkgruva i Raudbergfeltet. Som nemd tid-

legare vil eg ta for meg desse i ein artikkel seinare.

Dersom nokon vil ta ein tur på Vikafjellet for å leite etter mineral, så er august beste tida. Snømengdene om vintre kan vere til dels enorme (6 m på flatmark i 1990), og det smeltar ikkje alltid så fort i 1100-1300 m.o.h. Ein del store snøfonner oppe i henga har ein stygg uvane med å rase ut i tide og utide, og då kan det vere svært usunt å vere for nær.

Mange av førekomstene ligg i slike heng, så ein bør vere merksam på dette. Eg har sjølv opplevd at snøballar har trilla mellom beina mine, under intens konsentrasjon med meisling. Desse var heldigvis små, men eg har sett klumpar på flere ti tals tonn kome ned. Skulle ein vere uheldig og ikkje finne noko interessant, så er likevel Vikafjellet i godvær ei oppleving i seg sjølv. Ta ein tur opp på Skjelinganosi (1331 m.o.h.). Då ser ein i klarver den blå Sognefjorden i aust, med den skinande kvite Vesterdalsbreen i bakgrunnen, Fresvikbreen i sør, og i dei andre retningane fjell, fjell og atter fjell. Dette er vakkert, og kan måle seg med mange godstuffar. God tur!



Monazitt på kvarts, Vikafjellet. Krystaller 2-3 mm



Magnesitt, albitt og kvarts, Vikafjellet. Største krystall 3 mm